Skaper du menneskeverd, skaper du fred. Og fred er vel det vi alle ynskjer, og gjerne vil bidra til, ikkje minst no med all ufreden, krig i Ukraina, Gaza, Sudan, maktsjuka leiarar og nedbygging av demokrati.

Korleis skaper vi menneskeverd? Menneskeverd er ein verdi vi har i kraft av å vere menneske, uavhengig av bakgrunn, eigenskapar eller prestasjonar. Alle menneske har same verdi. Prinsippet om menneskeverd er grunnlaget for menneskerettane. I artikkel 1 i FN si verdserklæring for menneskerettane vedtatt 10. desember 1948 står det:

Alle menneske er fødte frie og med same menneskeverd og menneskerettar.

Stortinget vedtok einstemmig i mars å bevilge 85 mrd kr i støtte til Ukraina for 2025, 72,5 av desse til militærstøtte – 72,5 / mrd kr!

Og statsminister Støre uttalte: «Dette er et solid bidrag til fred -»

Er krig vegen til fred?

Sjølv har eg med åra blitt meir og meir overbevist pasifist og meiner at fred må skapast med fredelege middel, ikkje med opprusting og våpen. I ein krig er det berre taparar bortsett frå krigsindustrien. Krig er forakt for liv.



Agnes Hareide er nytt medlem i IKFF. Sist november heldt ho foredrag om fred og menneskeverd på ein litteraturkveld i Hareid bibliotek. Foto: Roger Wagland

Mange av oss hugsar Vietnamkrigen som vart avslutta i 1975 etter at den hadde vart i nesten 20 år. Over 58.000 amerikanarar og mellom 2 og 3 millionar vietnamesarar vart drepne.

Den amerikanske songaren Buffy Sainte-Marie var på den internasjonale flyplassen i San Francisco i 1963 då ei tropp med skadde amerikanske soldatar kom heim. Då skreiv ho songen *The Universal Soldier*.



Behov for ei fredsrørsle

Vi har alle ansvar for å skape fred. Kunnskap er viktig. Vi må vere opplyste og kunnskapsrike, kjenne historia og sørge for at den negative historia ikkje gjentar seg. Vi må kjenne rettane våre og sørge for at dei ikkje blir brotne. Det skrivne ordet er svært viktig.

Sjølv jobba eg i mange år i Amnesty International. I 1990 var vi heldige å få Operasjon Dagsverk, og fekk då midlar til å starte eit storstilt prosjekt med fokus på menneskerettsundervisning i Asia, Afrika og Latin-Amerika, Teaching for Freedom, Undervisning til fridom. Ein stor del av prosjektet var å få produsert materiell om menneskerettane og få spreidd det så vidt som muleg, og undervise så mange som muleg, så flest muleg vert kjende med rettane sine. Dette viste seg å vere svært vellukka og førte til positive endringar for mange, og mange gjekk aktivt inn i arbeidet for menneskerettane.

Eg var med å arrangere fleire menneskeretts-seminar for heile Latin-Amerika, i Costa Rica ved det interamerikanske menneskerettsinstituttet der. Eg var imponert over det store engasjementet og alt det flotte arbeidet dei gjorde.

I 1949 var Costa Rica det første landet i verda til å avvikle militærvesenet. Landet har i dag eit stabilt demokrati, det eldste i Latin-Amerika. Eit eksempel til etterfylgjing for Norge, vi som også deler ut Nobels fredspris.

Det skrivne ordet er viktig for å tileigne seg kunnskap og for refleksjon. Og her spelar biblioteka ei sentral rolle.

Då Romarriket kollapsa rundt år 500, vart bibliotek sette i brann, og med det forsvann enorme mengder kunnskap. Tida etter blir gjerne kalla den mørke mellomalderen, kjenneteikna av kulturelt forfall og vitskapleg stagnasjon. Leseferdigheitene vart borte.

Tusen år etter, i 1450, fann Gutenberg opp trykkekunsten, men dei to første hundreåra etter var lesing ein aktivitet berre for ein privilegert elite. Utover 1700-talet gjekk lesing frå å vere ein elitesyssel til i større grad å bli eit folkeleg fenomen. Bøkene florerte. Dette danna grunnlaget for Opplysningstida med framelsking av fornuft og vitskap, religionskritikk, fridom, filosofi, demokrati, toleranse, menneskeverd og menneskerettar. Trykt skrift muleggjer refleksjon, nye idear, kritikk og komplekse resonnement både for den som skriv og den som les.



Opplysningstida ga grunnlaget for den amerikanske revolusjonen i 1776, den franske revolusjonen i 1789 og utviklinga av moderne demokrati, menneskerettar og ytringsfridom, som er grunnpilarar i samfunnet vårt.

Etter 2. verdskrig i 1945 hadde ein lært, ikkje meir krig. Slik vart det ikkje, men på 1980- og 1990-talet bles det ei demokrati- og fredsbylgje over store delar av verda, den kalde krigen var over, Sovjetunionen vart oppløyst, apartheidsystemet i Sør-Afrika fjerna. Fredsrørslene blomstra.

Sommaren 1981 gjekk eg i Fredsmarsjen frå København til Paris saman med tusenvis av andre. Vi såg optimistisk på framtida. Og i 1984-86 jobba eg i det norske Fredskorpset som solidaritetsarbeidar i Botswana.

Dessverre har det vore krigar og konflikter i hopetal også dei siste åra. Og dessverre ser vi i dag at leseferdigheiten og evna til å sikre seg kunnskap og refleksjon er på tilbakegang. Vi lever i ein kvardag der kjensler ofte trumfar fornufta, der vi blir bombarderte med løgn, sanning og alternative fakta om kvarandre. Lesing kan igjen bli ein aktivitet for berre ein privilegert elite, som før opplysningstida. Dette må vi ta på djupaste alvor og sette inn mottiltak.

Vi må ikkje gi opp håpet! Vi må blåse nytt liv i fredsarbeidet. Det trengst ei fredsrørsle for felles tryggleik mot militarisering og rustingskappløp. Bygg fred med fredelege middel.



The Universal Soldier

He's five foot two, and he's six feet four
He fights with missiles and with spears
He's all of thirty-one and he's only seventeen
He's been a soldier for a thousand years

He's a Catholic, a Hindu, an Atheist, a Jain,
a Buddhist, and a Baptist, and a Jew
And he knows he shouldn't kill, and he knows he always will
kill you for me, my friend, and me for you

And he's fighting for Canada, he's fighting for France
He's fighting for the USA
And he's fighting for the Russians, and he's fighting for Japan
And he thinks we'll put an end to war this way

And he's fighting for democracy, he's fighting for the reds
He says it's for the peace of all
He's the one who must decide who's to live and who's to die
And he never sees the writing on the wall

But without him, how would Hitler have condemned them at Dachau?
Without him, Caesar would have stood alone
He's the one who gives his body as a weapon of the war
And without him all this killing can't go on

He's the universal soldier and he really is to blame
His orders come from far away no more
They come from him and you and me, and brothers, can't you see?
This is not the way we put an end to war

BOKANBEFALINGER

Bertha von Suttner: **Ned med våpnene (1889)**

Bertha von Suttner var ein austerisk radikal pasifist, forfattar og fredsforkjempar.

Dette er ein pasifistisk roman som fekk stor merksemd, og som gjorde henne til den fremste talspersonen til fredsrørsla. Ho var ven med Alfred Nobel og stimulerte engasjementet hans for fredssaka og oppfordra han til å skrive inn ein fredspris i testamentet sitt. Nobels fredspris vart etablert i 1895, og Bertha von Suttner var den første kvinnelege fredsprismottakar i 1905.

Ninni Roll Anker: **Kvinnen og den svarte fuglen (1942)**

Ninni Roll Anker var feminist, sosialist og pasifist. Ho skreiv mange bøker. Denne skreiv ho eit halvt år før ho døde i 1942. Det er ein brannfakkel, eit nødop om at krigsmaskineriet må stanse. «Vi må handle! Vi må bli menneske!»

Hovudpersonen er mor til 2 søner der den eine er soldat i krigen, den andre pasifist. Boka er dessverre like aktuell i dag som då ho var skriva.

Lindis Hurum: **Alle mennesker er ikke like mye verdt.**

Et kampskrift for menneskeverd (2023)

Lindis Hurum er generalsekretær i norsk avdeling for Leger Uten Grenser og skriv at ho med denne boka vil berøre og opprøre til tydeleg og aktivt engasjement. Saman med ni feltarbeidarar skriv ho her om pasientar ho aldri kan gløyme og om kriser media ikkje dekker. Morten Rostrup, ein av grunnleggarane av Leger Uten Grenser i Norge, har skrive forordet i boka.

Ingeborg Breines: **Fredskultur - Utopi eller sikkerhetspolitisk alternativ? (2023)**

Boka er dedikert til «nåværende og fremtidige fredsvenner rundt om i verden».

Ho er eit bidrag til å styrke verda sin skjøre fredarkitektur og gir forslag til korleis fredskultur kan byggast gjennom frededelege middel. Det kan vere gjennom utdanning, diplomati, dialog, demokrati, rettferd, likestilling, kunst, kultur og sunt folkevit.

Fred er ikkje berre fråver av krig, men handlar også om ein samfunnssituasjon med rettferdig fordeling av mulegheiter og goder der konflikter blir løyste med ikkjevaldelege middel.


Fred handlar også om fred med seg sjølv, fred med andre menneske og fred med naturen. Breines oppfordrar til fredskappløp i staden for våpenkappløp.

Linn Stalsberg: **Krig er forakt for liv – Et essay om fred (2024)**

Dette er ein historikk over fredsaktivisme og om å drive fredsarbeid. Krig er ikkje ein del av menneskenaturen, men ein del av maktstrukturen.

Roy Pedersen og Sigurd Allern: **Stopp våpenkappløpet – Uten fred er alt ingenting (2025)**

Utgangspunktet for boka er behovet for ein aktiv fredspolitik. Det trengst ei fredsrørsla for felles tryggleik mot militarisering og nytt rustingskappløp «Uten fred er alt ingenting» er tatt frå ein tale Willy Brandt heldt i 1981 retta mot opprustingsspiralen og atomkrigsfaren.





Anne Berit Skeie, en av de mest aktive blant medlemmene i IKFF-avdeling Sandnes, fylte 90 år i februar. Vi gratulerer! Foto: Andreas Lange, Suldalsposten.

Debattmøter om krig og fred for elever i videregående skoler

• 90-års jubilaranten Anne Berit Skeie i telefonsamtale med Gro Standnes

Jeg ringte Anne Berit på en fredagsmorgen i januar og tilkjennega at jeg visste om hennes nært forestående 90-årsdag. Jeg nevnte at jeg som prosjektleder for IKFFs skoleprosjekt, ville fokusere på hennes erfaringer ved å delta i prosjektet. Hun sa seg umiddelbart enig, og serverte meg der og da en perlerad av refleksjoner etter besøk, som hun hadde gjennomført i april ved Randaberg og St. Olav videregående skoler i Stavanger.

Anne Berit Skeie forteller:

«Jeg svarte ja til å innlede for elever ved to videregående skoler i Stavanger om IKFFs historie og arbeid for fred. Men jeg må innrømme at jeg var svært engstelig for hvordan dette skulle gå. Er virkelig 16-19-åringer interessert i å høre hva en gammel dame som meg har å si om krig og fred?»

Men min engstelse viste seg å ha vært ubegrunnet. Debattmøtene var lagt opp slik at forfatter og historiker Svein Skotheim snakket med elevene ut fra boka *Små Flagg*. Den handler om hvordan en ung soldats grufulle opplevelser under første verdenskrig fullstendig ødelegger det videre livet hans, som endte med selvmord noen år etter. Jeg observerte elevene mens Svein fortalte, og de fulgte svært så engasjert med! Tilsvarende interesse møtte meg, da jeg fortalte om Kvinneligaens fredsarbeid fra og med 1915 og

understreket at vi kvinner ikke føder barn for at de skal myrde andre kvinners barn og/eller selv bli offer for krigens myrderier.

Debattmøtene om krig og fred kan egentlig sammenfattes som et møte mellom unge mennesker og gamle med fred på hjernen. Slike møter bør vi sørge for å ha flere av. For det er en myte at ungdom ikke er opptatt av fred og krig.

På de to Stavangerskolene møtte jeg dedikerte lærere. De legger til rette for at elevene får grundig kunnskap om hva krig innebærer, og at arbeid for fred er en nødvendig del på elevenes timeplan. Men jeg er redd disse lærerne representerer et mindretall. Derfor må IKFF arbeide aktivt overfor lærerne og oppmuntre dem til å fortelle sannheten om krig- og naturødeleggelser.

Både lærere og folk i fredsbevegelsen kan ha en overdreven frykt for å berøve de unge framtidshåpet hvis de snakker med dem om krig og fred. Jeg er overbevist om det motsatte. Hvis vi i vår verdenssituasjon unnlater å ta opp de to største verdensproblemene – det er da vi faktisk fratar dem troen på en bedre framtid!

Min 90-årige livserfaring sier meg at det er ungdommens rett til å ha tro på at det går an å forandre verden til det bedre. Eldre generasjoners plikt er å gi dem kunnskap som er nødvendig for at de skal kunne gjøre det!»

Aldri gi seg

Torild Skard:**Likestilling for kvinner – Et liv i kamp for rettferd, omsorg og fred**

Svein Sandnes Bokforlag 2025

425 sider


Torild Skards sjølvbiografi er innsiktsfull og innhaldsrik. Med eit gjennomborande kvinnepolitisk blikk kombinerer forfattaren historisk dokumentasjon, samfunnsanalyse og biografiske refleksjonar.

Mange gonger undervegs i lesinga av Torild Skards sjølvbiografi får eg behov for å trekkje pusten djupt. Boka er ei 430 siders tettpakka framstilling av det ein må kunne kalla eit hyperaktivt liv. (Altså slett ikkje som diagnose, men som karakteristikk.) Rett nok har denne imponerande kvinna levd lenge og er framleis åndsfrisk, men at eitt einskild menneske kan rekke så mykje i livet på så mangfaldige og så krevjande felt, er vanskeleg å fatte. Maken til ukeleg vilje, energi og pågangsmot, skal ein leite litt etter.

Torild Skard er eit førebilete. Gjennom sitt engasjement har Skard vore ei viktig kraft og inspirasjon for generasjonar av kvinner som slåst for fridom og likeverd.

Utvilsamt eit sterkt og spennande liv! Men er boka god? Eg vil først presentere innhaldet i boka, før eg kjem inn på sterke og svake sider ved struktur og oppbygging.

Torild kom til verda i 1936 saman med tvillingsyster Målfrid (som vart landets første barneombod). Å seie at familien jentene vart fødd inn i var ressurssterk, er mildt sagt ei underdriving. Mora heitte Åse Gruda Skard og var pioner og forskar innan barnepsykologi og aktiv i viktige kvinnepolitiske utval. Faren var Sigmund Skard, kjend litteraturprofessor og poet. Morfar var utanriksminister Halvdan Koht, gift med Karen Grude Koht – ein tonegivande pedagog og feminist i si tid og ei av dei som kjempa for kvinneleg stemmerett. Mormora vart svært viktig for Torhild og søskena i oppveksten, ho var det stabile elementet i heimen.



Torild Skard i Paris som sjef i UNICEF

Få veker etter fødselen var mor Åse i gang att med alle jobbane sine, og då døtrene var to år reiste ho frå dei for eit engasjement i Stockholm. Ikkje så lenge etter dette forsvann far brått ei natt i dei dramatiske april dagane i 1940. Familien kom snart saman att, men berre for å flykte via Stillehavet til USA. Jamt over hadde Skardfamilien det bra i Amerika. Ikkje minst trekkjer forfattaren fram korleis skulesystemet skilde seg positivt frå det ho sidan skulle møte heime i Bærum. Men foreldra var svært opptatte her også. Torild og Målfrid har vore opne om at dei fekk krigstraume som dei måtte jobbe seg gjennom som godt vaksne. Terapien Torild gjekk gjennom er vigd eit viktig kapittel i boka, og blir fint bunde saman med eit av dei viktigaste engasjementa til forfattaren: det for dei heilt små barna og tilhøvet mor/barn i den første fasen av livet. Slike lange liner – frå det personlege til det karrieremessige og politiske – er viktig gjennom heile boka.

Inn i politikken

Livet vart meir stabilt då storfamilien i tre generasjonar flytta inn i eit stort hus på Lysaker. Men Torild vantrevst på skulen der ho vart mobba stygt. Livet vart betre som student og i 1965 tok ho embetseksamen i pedagogikk. Ho engasjerte seg i politisk arbeid og kom etter kvart med i SF (Sosialistisk Folkeparti). På Stortinget utmerkte ho seg som ein viktig kvinnesakspolitikarar, og vart også den første kvinnelege lagtingspresidenten.

Dette er berre byrjinga på det mangslugne livet til Torild Skard. Få andre har hatt ein viktig og spesiell posisjon i norsk og internasjonalt politisk og organisatorisk arbeid, gjennom så mange tiår. Av dei mest kjende organisasjonane og institusjonane ho har hatt årelange sterke og ikkje minst leiande posisjonar i, må desse nemnast: Stortinget, UD, UNESCO og UNICEF. Særleg spennande syntest eg det var å lese om åra hennar i arbeid for UNICEF i Vest-Afrika.

Å gjenfortelle innhaldet i denne boka i ei enkel bokmelding er umogeleg. Eg lærte mykje nytt, og vart dessutan mint om hendingar i norsk og internasjonal offentlegheit og politikk som eg hadde gløymt. Heller ikkje visste eg at mannlege representantar på talarstolen i Stortinget kunne kome unna med grov seksuell trakassering av kvinnelege politikarar så seint som på slutten av 1970-talet. På nokre område har då verda gått framover. Samstundes er mykje det same, også i dag er nokre kvinnelege politikarar utsette for så myke seksuell hets at dei ikkje orkar å vere i offentlegheita. Mange flinke kvinner forsvinn ut.

Skard vier stor plass til utfordringar kvinnerørsla har møtt gong på gong: forstokka sosial konservatisme, kulturelle tabu osb. «Det personlege er politisk», eit gammalt slagord som ho sjølv demonstrerer på ein overbevisande måte. Gjennom heile boka speglar dei individuelle erfaringane hennar større strukturelle mønstre. Det kvinnepolitiske er ein lysande raud tråd gjennom heile boka: «Når eg først tok til å se hvordan patriarkatet gjennomsyrrer alle sider av samfunnet (...) ble det umulig å lukke øynene for det igjen.»

Omfattande

Det som sit mest att etter at boka er ferdiglesen, er nok likevel det personlege: sårheita i barndomen over foreldra sitt fråvær, saknet etter egne born, (men òg gleda over å engasjere seg i andre sine), tapet av nære familiemedlemer. Her lever teksten fordi Skard skriv ope og ærleg om det som har vore krevjande gjennom det lange livet.

Elles ber språket generelt preg av ein noko tørr og refererande stil. Forfattaren skriv eit rett fram og liketil bokmål, med innslag av radikale former. Det er lett å følgje, men språkleg uspennde.

Den overordna komposisjonen har nokre svakheiter. Èin ting er at boka ikkje er heilt kronologisk fortald, eit stykke uti skjer det eit rykk attende i tid. Dette gjer at ho verkar endå lengre, det oppstår nokre repetisjonar som kunne ha vore unngått. Meir gjennomgåande er det at når «alt skal med», blir hoppa frå det eine engasjementet til det andre, tredje og fjerde gjort i så stort tempo, med ein vrimmel av namn, stader, organisasjonar med meir – at mykje fyk gjennom hovudet på lesaren utan å feste seg heilt. Dette er sjølv sagt vanskeleg å unngå når så enormt mykje skal med i boka. Hadde forfattaren gjort eit utval av nokre område og nokre erfaringar og gått meir i djupna på desse, hadde det gjort boka meir fokusert og meir medrivande som tekst.

På den andre sida måtte ein då ha utelate mykje av alt det viktige og interessante Torild Skard har gjennomlevd og bidratt til. Forfattar og forlag har gjort sitt formval, og ut frå det vil eg seie at resultatet er velukka. Boka er gjennomarbeidd, eg finn ikkje mange feil. I etterordet skryter Skard både av eksterne konsulentar og av forlaget. Ho skriv også at det ikkje var lett å få forlag til utgivinga, eit poeng som nettopp illustrerer korleis kampen for likestilling for kvinner slett ikkje er i mål. Biografiar av og om menn kjem det støtt mange av.

Likestilling for kvinner er ei omfattande og vesentleg historieframstilling av politisk kamp og særleg kvinnekamp gjennom tre kvart hundreår – frå midten av 1900-talet og heilt fram til fjoråret. For Skard var det utenkeleg å pensjonere seg i seksti- eller syttiåra. Ho er framleis aktiv i sitt nittiande år, engasjert i dagens politiske debattar og heller ikkje redd for å gå imot det det tidlegare partifellar i SV og andre parti på venstresida meiner.

Mot slutten av boka kjem Torild Skard med denne viktige bodskapen: «Endring av holdninger samfunnsstrukturer er krevende og kan ta tid. Men vi må ikke gi oss! Det kan nytte å stå på for å få noe til. Det har jeg sett i livet mitt.»

• *Hilde Vesaas*

Hilde Vesaas er lektor, forfattar og litteraturkritikar.

Velkommen til IKFFs landsmøte på Hamar

Landsmøtet finner sted fra 17. april kl. 18 (kaffeservering fra kl. 17) og avsluttes 19. april kl. 13. med påfølgende lunsj.

Adresse: HOPEN Servering, Torggata 91, 2137 Hamar – like ved kulturhuset. De som må komme dagen i forveien for å rekke møtestart, kan ankomme 17. april.

I tilknytning til landsmøtet vises IKFFs/Hilde Solbergs plakattutstilling Kvinner for fred; A Wall of Fame i Kulturhuset like ved.

Alle medlemmer som har betalt kontingent i 2025 eller 2026 kan delta på landsmøtet som observatør med tale- og forslagsrett.

Bare valgte delegater fra avdelingene har stemmerett.

Innkalling, program og praktisk informasjon blir sendt ut på et seinere tidspunkt. Blant annet informasjon om hvem som får økonomisk støtte til reise og opphold.

Endelig sakliste med landsstyrets innstillinger sendes ut seinest 11. april og publiseres på ikff.no.

Landsmøtet skal behandle

- Årsberetning og reviderte regnskaper fra landsstyret og fra avdelingene
- Innkomne forslag pr. 7. mars 2026
- Arbeidsprogram og budsjett for neste landsmøteperiode (2026-2028)
- Uttalelser eventuelt også forslag fremsatt under selve møtet
- Vedtekter
- Medlemskontingent
- Valg av ledergruppe, økonomiansvarlig og ledere i faste utvalg
- Valg av revisor for neste landsmøteperiode
- Valg av valgkomité til neste landsmøte




Landsmøtet skal være i lokalet Hopen i bygningen vi ser til høyre. Privat foto.

Både enkeltmedlemmer og avdelinger/utvalg og arbeidsgrupper kan sende inn skriftlige forslag til saker på landsmøtet seinest 7. mars til ikff@ikff.no eller til IKFF, Majorstuveien 39, 0367 Oslo.

For at IKFFs fredsarbeid og -budskap skal bli kjent ute blant folk, er vi avhengige av at mange påtar seg tillitsverv og deltar aktivt i utadrettet virksomhet. IKFF har mange interessante oppgaver å by på, så still gjerne til valg selv og/eller overtal noen andre. Send inn forslag så snart du kan til ikff@ikff.no med «valgkomiteen» i emnefeltet.

Vennlig hilsen

Kari Nes og Gro Standnes, avtroppende ledergruppe



MEDLEMSKONTINGENT 2026

Vi benytter nå et medlemssystem som heter Zubarus, og all informasjon til medlemmene kommer fra adressen IKFF medlemservice@zubarus.com.

Kontingenten for 2026 er uendret: ordinært medlem 500 kroner, eller lav sats 300 kroner. Studenter betaler kr. 100. Faktura fra IKFF medlemservice@zubarus.com ble sendt ut i slutten av januar. Sjekk spam eller søppelkasse hvis du ikke har mottatt denne. Beløpet på fakturaen er satt på bakgrunn av det du betalte i fjor, men du kan selv endre dette til 500 eller 300 kroner. Kontonummer og KID står på fakturaen, og du ordner innbetaling i nettbanken din.

Medlemmer som ikke har e-postadresse får tilsendt papirfaktura.

Nye medlemmer får brev med informasjon om kontingentinnbetaling når de har sendt inn innmeldingsopplysninger via IKFFs nettside www.ikff.no

GAVE

Gi gjerne IKFF en gave! Pengene gir mulighet for aktiviteter og synliggjøring av IKFF. Merk innbetalingen «GAVE» og navnet ditt og send pengene til bankkonto 1254 62 53048 eller Vipps: #538306. Gaver over 500 kroner gir rett til fratrekk i skatten.

BLI MEDLEM AV IKFF

Ønsker du å bli medlem, send oss ditt navn, postadresse og epostadresse på epost: ikff@ikff.no eller per brev til Majorstuveien 39, 0367 Oslo.

IKFF AVDELINGER

Bergen/Hordaland: Cecilia Frogoudakis, epost: ceciliawefr@gmail.com
Innlandet: Inger Karin Røe Ødegård, epost: roe.odegard@gmail.com
Oslo/Viken: Elisabeth Koren, epost: eakoren@hotmail.com
Sandnes: Gro Eriksen, epost: eingro@lyse.net
Stavanger: Hilde Solberg, epost: solberghilde@outlook.com
Tromsø: Ingvild Austgulen, epost: ingvild.austgulen@gmail.com
Trondheim: Berit Rusten, epost: beritrusten@gmail.com

IKFF KONTAKTER

Agder: Kristine Tøsse, epost: kristinetosse@gmail.com
Møre og Romsdal: Janine Müller, epost: sense.elegance@gmail.com
Nordland: Eline Allern, epost: eline.allern@hotmail.com
Vestfold: Siri Jensen, epost: kirkegt24@yahoo.no